

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga

Att: Susan Husabø

---

Vår referanse: 705010

Dykkar referanse: e-post 3.2.14. Evaluering av ordninga "spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar".

Dato: 1. september 2014

---

## **Evaluering av ordninga "spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar"**

Vedlagt er innhenta opplysningar frå vidaregåande skular og frå særkrinsar/region i fotball, skiskyting og volleyball.

Data i samsvar med pkt, 2. og 3. i evalueringskriteria ligg vedlagt i eige dokument.

Sogn og Fjordane Idrettskrins ønskjer å knytte nokre vurderingar/synspunkt til våre erfaringar med tilbodet.

Vi syner til formålet med toppidrettssatsinga slik det m.a. går fram i bakgrunn i dykkar sak 12/749-3 ved oppretting av ordninga:

- å utvikle eit godt og forpliktande samarbeid mellom partane
- å legge til rette for å kombinere satsing på idretts med vidaregåande opplæring

I tillegg var følgjande bakgrunn viktig for arbeidet med å legge til rette for ordninga:

- Fleire av dei beste utøvarane våre vel å gå på vidaregåande skule i andre fylke for å utvikle seg i idretten sin.
- Viktig at idretten, fylkeskommunen og kommunane samarbeider om å leggje til rette idrettstilbod, skuletilbod og anlegg slik at elevar i vidaregåande skule kan utvikle seg innan idretten sin i eige fylke.

Vår vurdering er at samarbeidspartane har oppnådd nye og gode samarbeidsrelasjonar og m.a. er dette styrka med dei felles erfaringsmøta vi har hatt mellom skulane og idretten.

Ei viktig side ved det spissa tilbodet er samspelet mellom den enkelte skule og idretten; klubben, trenaren og den enkelte utøvar.

Så langt er erfaringane at dei faglege miljøa i enkeltidrettane blir sterkare gjennom det spissa tilbodet.

Totaltilbodet for utøvaren/eleven med trening/utvikling både i og utanfor skuletid, er styrka. Den daglege oppfølginga av utøvar/elev av klubbtrenarar og fagkrefter ved skulane blir lagt godt til rette.

Jfr. her kommentarar frå skulane. Sjå vedlegg.

Til evalueringspunkt 1. Tal søkjarar og tal inntekne elevar som og gjennomfører utdanning gjennom satsinga spissa idrettstilbod såg vi ein positiv utvikling frå 2013/14 til 2014/15 med **51 søkjarar** i 2014/2015 (**49** i 12/13, **40** i 13/14).

Søknadstala vil kunne variere frå år til år ut frå storleiken på «idrettskulla» og mellom særiddrettane.

Vår oppfatning er at krava/utøvarane sitt potensiale for kome inn på ordninga, (jfr. def. av potensielle toppidrettsutøvarar) er godt arbeidd med av våre faginstansar, særiddrettane, ved innstilling til inntak.

Vi vil også legge til at ressursbidraget/eigeninnsatsen frå idretten inn i ordninga er betydeleg. Etter den oversikten vi spelte inn etter førespurnad frå opplæringsavdelinga i 2013, var denne på 2,925 mill. kr.

Til evalueringspunkt 2., elevar som reiser ut, er det ei markant positiv endring spesielt i volleyball.

Fotball hadde sju som reiste ut av fylket 2012/13, men berre to 2013/14.

Dette synes vi markerer ein klar samanheng med det etablerte spissa tilbodet frå 2012.

Med omsyn til individuelle resultat og prestasjonsvurdering syner vi til dataene frå skulane.

Vår oppsummerande oppfatning av spissa idrettstilbod, er at det har «sett seg» etter ein innkøyringsperiode og fungerer godt etter mål og intensjonar.

Det må vere eit sterkt pluss for eleven/den potensielle toppidrettsutøvaren å kunne få ta del i dette tilbodet, og viktig for fylket å snu «utreisestendensen».

Vi vil her også understreke den gode dialogen og det givande samarbeidet Idrettskrinsen har fått med fylkeskommunen undervegs i arbeidet med tilbodet.

På bakgrunn av evalueringsresultata og den meirverdien vi ser spissa idrettstilbod har tilført både idretten og fylket, håpar vi Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil føre vidare ordninga i komande økonomiplanperiode.

Vi står til disposisjon om det er spørsmål til tilbakemeldinga eller andre sider de ønskjer oppfølging på frå oss.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Idrettskrins

Anne Leversund(s)  
Organisasjonssjef

Ingar Breilid(s.)  
Fagkonsulent

Vedlegg: Evalueringsdata